

Nordvest



Women's retreat

Alt ligger godt tilrette for avslapping og påfyll på Women's retreat på Lepsøy Misjonscenter.

Side 47



KOR I 40 ÅR

Per Helge Myren og Marie Sæther Kjerstad dirigerte Krasp. Søndag 26. mai blir det feiring av det 40 år lange korarbeidet i regionen.

SIDE 44



Kommentar:

Steffen Stensland

Regionleiar, Misjonssambandet nordvest

Når eit lem lir

Eg har ein vond rygg for tida. Med rette øvingar, passe med turar i skog og mark, så vert den stadig litt betre. Men denne vonde ryggen påverkar heile meg. Både humør, kapasitet og resten av kroppen.

Denne ryggen er likevel å rekne for ein bagatell når eg kjenner til menneske som har det vondt på heilt andre plan enn ein rygg som ikkje tåler å sitte for mykje. Tanken på desse gjer at eg og kjenner på smerte. Det gjer meg vondt når andre har det vondt, når eg vågar å ta det inn over meg.

FYLGJER MED SMERTE

Det å engasjere seg i ein misjonsorganisasjon og eit kristent fellesskap kan bidra til mykje smerte. Det er vel kanskje ikkje den setninga eg oftast seier når eg søker å inspirere til å engasjement i vår organisasjon. Det er likevel ein ærleg sak. Det fylgjer smerte med.

Som mange av dykk er klar over har vi fleire medarbeidarar i regionen vår, frivillige og tilsette, som er ute med sjukdom. Nokon har meir alvorlege plager enn andre, men fleire er tilsidesett og strevar med helsa. Når desse er å rekne som «våre» så gjer det at vi lir med dei.

URO OG KONFLIKT

Dei siste åra har organisasjonen og vore prega av uro, konflikt og ueinigheiter. Enkelte ueinigheiter skal og må det vere i ein såpass stor organisasjon for at vi skal kunne drøfte vegval og prioriterte på ein god måte. Så vitnar likevel debatten om at her har ueinigheiter i fleire

tilfelle gått over i konflikt og då vert det vanskelegare å lytte og forstå for alle partar. Å rope om rettferd og sette grenser er naudsynt, men vi er alle skapt med to auger og to øyrer, fire lemer som ofte vert passive i ein konflikt. Når vi opplever dette, at «våre» stridast så lir vi med.

Når vi får høyre om menneske som har så vonde erfaringar frå vårt arbeid at det har sett vonde djupe spor i dei og pregar livet deira. Når dei som ikkje berre er våre, men den gang var barn ute i ein annan kultur, lir, då lir vi med.



Når dei som ikkje berre er våre, men den gang var barn ute i ein annan kultur, lir, då lir vi med.

GJER GODT

Er det rett å seie at det gjer godt å sjå andre som får vondt av at du har det vondt? Eg har erfart det slik. Når livet møter oss med all sin smerte, så er det eit uttrykk for kjærleik når nokon lir med. Dette og er misjon, det «utretter» ikkje så mykje, men har uendeleg verdi.

«No gleder eg meg over det eg må lida for dykk, og det som enno manglar i Kristi lidingar, det utfyller eg med min eigen kropp; eg lid for hans kropp, som er kyrkja.» Apostelen Paulus i Kolossarane 1,24.

Mitt sangvers

Gjennom mange år har det blitt mange slags dager. Dager med ufattelig glede, dager med sorg og savn, dager med prøvelser, dager med tvil og anfektelse, dager med takk, og alle de «grå» hverdage som bare suser forbi.

Det er så trygt å vite at Jesus har vært med, på hele veien! Han har gitt svar og krefter. Veier åpnes og stenges. «Smak og se at Herren er god» (Salme 34,9)

Min anbefaling er: Ta Jesus med i hverdagen, i alt du gjør. Han som ser alt, vet alt og kan alt. Han er til å stole på!!

Ta deg tid til å lese på nr 443 i sangboka:

*Jeg må ha min Frelser med meg,
gå alene kan jeg ei.
Jeg må ha min Frelser nær meg,
så han lede får min veg.
Å, jeg søker, Jesus, deg,
led meg Frelser på din veg!
La meg gå foruten klage
hvor du, Herre, fører meg.*

KARI SØRDAL, AVERØY



Program for regionmøte

LØRDAG 25. MAI:

11:30 Åpningsmøte for alle
Andakt: Gunnar Bråthen

12:45 Årsmøte og Barnas
17:30 Seminar / Barnas forts.
19:00 Kveldsmøte.
Tale: Vidar Mæland Bakke
21:00 Alle mot 1!

SØNDAG 26. MAI

11:00 Formiddagsmøte m. forbønnshandling
Tale: Gunnar Bråthen.
Sang: Kairos
Søndagsskole

13:30: Misjonstivoli

15:00: Jubileumsmøte for KRASP og Kairos
Seminar tema lørdag:
Gi mine øyne lys – Vidar M. Bakke
Trossamtaler – Panelsamtale
Støtteordninger – Andreas Kiplesund

Velkommen til Gomerhuset, Skodje!!

«Rause eldre som gleder seg over både barneskrik og sjokoladekakesmuler»

Lars Petter Ødegård reiste som utsending til Mongolia, men kjærligheten førte han til Nordmøre. Nå er han pastor i Misjonssalen i Kristiansund.

TEKST: RUTH BRENNHAUG STAURSETH

Overskrifta er sitat fra Lars Petter Ødegård. Vi skal få høre mer om det etter hvert, men starter på Dyrkorn i Fjord kommune der Lars-Petter vokste opp i en god heim. Han forteller sin historie:

Jeg ble døpt og gikk til søndagsskole som de fleste andre på den tida, men verken jeg eller familien min hadde noen kristen tro.

FRA DYRKORN TIL MONGOLIA

Det ble etter hvert startet opp en kristen ungdomsklubb i nabobygda, Stordal, jeg gikk der for å være sammen med venner, men Ragnhild Fauske og Røger Lillebø hadde gode og pedagogiske andakter. Jeg lyttet, begynte så smått å lese i Bibelen og be til Gud.

Etter ungdomsskolen bar det videre til Vestborg VGS, som har betydd veldig mye for meg – der traff jeg også Miriam. Etter Vestborg gikk turen til Fjellhaug, der jeg studerte i fire år. Miriam var også i Oslo, og vi fortsatte å være gode venner.

I 2013 reiste jeg til Mongolia som utsending, høsten 2014 kom Miriam på besøk dit – og da ble vi kjærester. Da ville jeg tilbake til Norge, og søkte på en stilling i Misjonssambandet som områdearbeider på Nordmøre.

OMRÅDEARBEIDER

Det var krevende å skape vekst, eller å få med seg nye på bedehuset, og jeg var inne på tanken om å gjøre noe annet etter noen år.

Vi var en liten flokk på 5–6 personer som fikk besøk av Steffen Stensland, daværende fellesskapsutvikler, og etter hvert gikk det opp for oss at hvis vi ikke satser vil det sannsynligvis ikke være noe arbeid igjen i byen i regi av Misjonssambandet om ti år.

Etter salg av boliger og bedehus fant man egnede lokaler med stor parkeringsplass, der vi nå har fått både Misjonssalen og Gjenbruksbutikk.

GIFTEMÅL OG PASTOR

Fra 2018 ble det flere endringer i livet, Miriam og jeg giftet oss og en del av stillingen



Foto: Ruth Brennhau Staurseth

min, gikk over til å bli pastor for Misjonssalen i Kristiansund. Flere unge flyttet hit og vi fikk kontakt med andre som lengtet etter å være med i en forsamling, og så har medlemstallet sakte men sikkert steget.

Fra nyåret har vi nå omtrent 15–20 barn fordelt på to grupper på søndagsskolen, det er vi utrolig glade for.

De eldre har virkelig lagt til rette for forsamlingsbygging og vært raus. Jeg opplever at de gleder seg over både barneskrik og sjokoladekakesmuler på gulvet.

Vi er også takknemlig for å delta i en bi-

belgruppe annenhver onsdag, med cirka 15 unge voksne.

Tema er oftest kommende søndagstekst, og vi har et godt bønnefellesskap. Samlingene er rundt i hjemmene, og slik blir vi kjent med hverandre og bygger gode vennskap.

HVA TENKER DERE OM FRAMTIDA?

Vi trives godt i byen og i forsamlinga og her er flere unge familier som vi har god kontakt med. Det er stort med alt som har skjedd her de siste årene og vi kjenner oss heldige som får være med på det!

Kor i 40 år

Vi begynte med 40 – no har vi halde på i 40 år. Trøndelag starta kretsungdomskor. Det ferske koret song på UL i Ålesund i 1984. Då var det gjort. Men vi måtte ha ei venleg spark i leggen for å komme i gang her i nordvest.

TEKST: OLE AUDUN OS

Sparket kom frå Øystein Meling, krinssekretær i Sunnmøre og Romsdal krins. Vi klarte å grave fram namn på 80(?) ungdommar. Så spurte vi Lillian Rose Bragvin Eriksen om å dirigere – og fekk ja. Deretter spurte vi Inger Valbø om å vere pianist. Ho skulle til Fjellhaug bibelskole og opningsfest. Null problem, meinte Øystein. Han avtalte med Fjellhaug og bestilte flybillett frå Molde. Inger fekk sin første (men ikkje siste) flytur, og vi song våre første tonar fredag 31. august 1984. Av dei vi skreiv til kom 40!


FLYING START

Det var ikkje vi som fann opp krutet. Sveinung Lianes hadde prøvd med krinskor før oss. Men no tok det av. Fem helger i året, pluss tur til UL, Ungdommens Landsmøte. Allereie i 1985 reiste vi til Kristiansand med nesten 80 ungdommar. Allereie tre veker etter første øvingshelg song koret på misjonen sitt haustmøte i Bud.

Kairos.



Foto: Ole Audun Os



Per Helge Myren og Marie Sæther Kjerstad var Kraspigentar.

I reglane stod det at medlemene skulle førebu seg til helgene. Første dirigenten spela inn stemmene på songane på kassett. I mange år hadde Kåre Lid og Ole Os hovudansvaret for det som etter kvart vart to kor.

Utover på 80-talet vaks koret veldig. Vi reiste til UL med to eller tre bussar. I 1988 var vi i Fredrikstad, med turné i Sverige i forkant. Eg finn ei venteliste med 70 som ville begynne, og til ei øvingshelg på Vestheim har vi leigd to ekstrabussar frå Ålesund.

KRASP

I 1989 blir Krinsaspirantkoret fødd. Vi skreiv



Krasp.

til Per Helge Myren i Etiopia og spurte om han kunne tenke seg å dirigere eit slikt kor når familien kom til Norge. Og der fekk vi napp. Hans hjartelag og klare visjon for organiseringa av koret er ramme for arbeidet den dag i dag.

Det var han som ville kalle koret KRASP. Underteikna meinte det høyrdest ut som eit knekkebrød! Fredag 29. september møtte dei første 66(!) krasparane opp.

FIRE BUSSER TIL GF

I 1990 vart krinsungdomskoret to kor som etter kvart fekk namna KAIROS og ELEOS. Året etter vart KRASP til KRASPnord og KRASPsør, med base på Vestheim og Rjånes. Trine Lingås vart sørkoret sin gode dirigent. Ei tid hadde vi rundt 100 medlemmer i kvart av dei fire kora. Eit stort høgdepunkt var då vi song på Generalforsamlinga på Lillehammer i 1994.

Bibeltimar, vitnesbyrd, bønn, tallause vennskap for livet, humor og leik er gode stikkord for kora. Og gjennom alt: Kristen song med innhald å leve på. Ungdomskora har vore fire gongar i studio og spela inn 50 singlar. KRASP spela inn ein flott cd i 2011.

Mange har fått leiartrening i kora. Ofte har vi ikkje klart å finne erfarne dirigentar. Så måtte vi spørje ein av våre eigne. Og desse vart dei beste vi kunne fått. Ungdommar som ofra seg for kora, tente Jesus og vaks. Om nokon etterlyser ei suksessoppskrift, må det vere at vi har hatt leiarar som har stått i årevis, for Jesus og ungdommane. Dei har gjort dette arbeidet mulig.



Foto: Ole Audun Os

I MISJONENS TENESTE

«Korleis vart du ein kristen?» «Det var i KRASP, det.» Mange vil svare at det var i kora livet med Jesus begynte. Det gir energi til å halde på. Og mange får ei teneste i Guds rike. Kåre Johan Lid har møtt dei på reiser rundt i landet som leiar for Misjonssambandet Norge.

Korleiaren gjennom mange år blir rørt når han fortel: «Eg møter gang på gang kor-medlemmer som deltek aktivt i forsamlingar og misjonsarbeid. For Misjonssambandet har dette arbeidet betydd, og betyr, mykje for at kallet til å fylgje Jesus og til misjon må berast av nye generasjonar. Ikkje så få av dei har også blitt utsendingar og tilsette i Misjonssambandet.»

Bursdagsfest for KRASP og KAIROS

Søndag 26. mai kl. 15:00 blir det feiring av det 40 år lange korarbeidet i regionen. Stedet er Gomerhuset på Skodje, og feiringen blir avslutningen av regionmøte til Misjonssambandet nordvest som blir arrangert denne helga.

Det er et åpent møte for alle generasjonar, og vi håper å fylle hele salen denne ettermiddagen. Hjertelig velkommen!

Nye regionlover

På komande regionmøte er ei av sakene som vert framlagt endring av regionlovane. Vi har prata med Kåre Johan Lid (bildet) som har fulgt denne prosessen fram til GF 2022 og er med i arbeidet med dette framleis.

– Kva er årsaka til at alle regionane no skal ta opp lovane sine på regionmøtet?

– På generalforsamlinga i 2022 vart det vedteke endringar i grunnreglane til Misjonssambandet. Det var resultatet av ein lenger prosess. På rådsmøtet i 2018 vart det etterlyst ei tydeleggjering av det åndelege tilsynsansvaret på alle nivå i organisasjonen. I tillegg vart det fremma forslag om endring i organisasjonsstrukturen sentralt.

80 FORSAMLINGAR

– I dei siste 15 åra har talet på menigheiter/forsamlingar som ynskjer å ta eit heilskapleg åndeleg ansvar for sine medlemmer auka betydeleg til heile 80. Dette har tydeleggjort eit behov i Misjonssambandet for ei organisering som er rigga for å ivareta åndeleg tilsynsansvar. Hovedstyret har difor utarbeidd vegleiingsdokumentet Menighetstenkning og organisasjonsstruktur i Misjonssambandet som dei nye grunnreglane er utarbeidd etter.

– Grunnreglane forutset at både ein både lokalt, regionalt og sentralt har tenkt gjennom korleis åndeleg tilsynsansvar skal ivaretakast. Nye grunnreglar vil frå 2025 føre til endringar sentralt. Eit sentralstyre i staden for eit hovudstyre, og eit mindre og endra rådsmøte i tillegg til eit nytt nasjonalt tilsynsråd. For å

sikre demokratisk representasjon frå regionen i rådsmøtet og val av nasjonalt tilsynsråd må det vedtakast regionlover som samsvarar med grunnreglane her.

– For det andre får regionen ved regionstyret og regionalt tilsynsråd med dei nye grunnreglane frå 2025 delegert eit større ansvar. Konkret gjeld det eit fullt ansvar for tilsettingane i regionen, noko som tidlegare med hovudstyret sitt åndelege tilsynsansvar måtte dit til behandling. Men regionleddet har også med fleire menigheiter/forsamlingar lokalt fått eit større overordna tilsynsansvar. Tidlegare har det formelt sett kvilt på regionleiar. Hovedstyret ser at dette må takast på alvor og også det forutset val av eit regionalt tilsynsråd.



NYE LOVAR

– Når vi no les gjennom lovane så ser det ut til at det er meir enn tilsynsrådet som kjem inn. Kvifor ser dette så ulikt ut no?

– Hovudstyret ønska ei ny normallov for regionar med ein ryddigare redigering enn den som har vore. Ein valde difor å ein gjennomgang av heile normallova. Eg må legge til at regionane har høve til å gjere endringar i ein del paragrafar, så lenge det ikkje går ut over funksjonen i organisasjonsstrukturen, og er i samsvar med grunnreglane.

– Er det nokon endringar i sak når ein ser på det nye forslaget, eller er det først og fremst ein strukturell endring?

– Som eg har gjort greie for er det ei strukturell endring, men det endrar ikkje Misjonssambandet sine formål eller teologi. Men det er endringar som er gjort for å møte behova i ein organisasjon der arbeidet på grasrota har endra seg betydeleg.

Småtteri vert til millionar

Den største inntektsposten ved Gjenbruken Volda i 2023 er resultat av 30–50 tusen nips eller småting. Tre ungdomsskulejenter trur dei kjem til å hugse arbeidsveka si ved denne butikken i april.

PER OVE AARSETH

– Arbeidet på Gjenbruken er veldig variert, og her er mykje å gjere, seier Alva Berg Zetterstrøm. Ho er 9.-klassing ved Volda ungdomsskule og har arbeidsveke ved Gjenbruken Volda. To klasseveninner er i same i oppdrag, tvillingsystera Nila Berg Zetterstrøm og Bette Melina Ohma. Dei tre får god innsikt i det som går føre seg på butikken. Dei tek imot varer når folk kjem og leverer, pakkar opp kasser, sorterer klede, tørkar støv, stiller ut gjenstandar og står i kassa.

– Det er fint å ha arbeidsveke på Gjenbruken. Her er sosialt, og vi veit at vi er med på eit arbeid som er til hjelp for andre, understrekar Bette Melina.

– Å KJØPE BRUKT ER FORNUFTIG

– *Kva tenkjer de om det grønne siktemålet til slike butikkar?*

– Eg trur gjenbruk kan bety mykje med tanke på berekraft. Det er fornuftig å kjøpe brukt i staden for nytt, svarar Nila. Bette Melina legg til at det vert mindre å kaste når folk handlar brukt.

Dei tre ungdomsskuleelevane trur utplasseringa deira på Gjenbruken i midten av april vil fylgje dei som eit minne i livet.

OPPDATERTE BUTIKKAR

NLM Gjenbruk sine fire butikkar i Misjonsambandet nordvest – Kristiansund, Elnesvågen, Ålesund og Volda – hadde i fjor ei omsetjing på til saman 12,2 millionar kroner, av dette blei det 5,7 millionar i netto til prosjekt i regi av Misjonssambandet.

Bak det flotte resultatet ligg god tilgang på varer og stor dugnadsinnsats. Andre moment som må nemnast er mellom anna fint oppdaterte butikkar og tilstrøyming av kundar.

TING OG TANG

Eit litt oppsiktvekkjande trekk i rekneskapsoversynet for 2023 er at det som på mange vis kan sjå minst og ringast ut, er det som skapar den største inntektsposten. Nips



Her er frå venstre Bette Melina Ohma, Alva Berg Zetterstrøm og Nila Berg Zetterstrøm i ferd med å rydde ei skohylle.



Frå Gjenbruken Volda sitt årsmøte, styreleiar Maisa Lillebø (i midten) og sekretær i styret Silje Berg-Straume (til høgre).

Begge foto: Per Ove Aarseth

vert desse småvarene kalla. På prislappane står det som regel frå fem eller ti kroner og opp til 90 kroner. Men sidan butikkaner får inn veldig mykje i denne kategorien, vert det til store summar.

Ved Gjenbruken Volda blei det i 2023 selt nips for 1 066 035 kroner. Hallvard Hånes, som presenterte rekneskapsoversynet på årsmøtet like etter påske, gjorde eit poeng

av dette. Alt det små, ting og tang, vert til noko veldig stort!

Skulle vi prøve å telje kvart enkelt nips som gjekk over disken i 2023, ville vi truleg kome opp i 30–50 tusen berre i Volda. Fyrst kom alt dette inn mottaksdørene, så blei det gjort klart for sal og sett prislappar på – så plassert i butikkhyllene. Og etter kortare eller lenger tid vekte det aller meste interesse og blei selt.

EI GOD SAK

Ei av gledene i arbeidet ved Gjenbruken er å møte alle dei som kjem og leverer varer. Ofte kan dei kome med oppmuntringar. Dei er takksame for at slike butikkar finst, og er tydeleg begeistra over å sleppe å kaste det dei har til overs. – Godt at andre kan få glede av det, vert det ofte sagt. Eller: – Godt at det går til ei god sak!

Til slutt kan vi nemne dei andre store inntektspostane ved Gjenbruken Volda i 2023, utanom nips: Tekstilar 884 tusen, møblar 174 tusen, elektriske artiklar 88 tusen, bøker 70 tusen, sport- og fritidsartiklar 52 tusen, underhaldningsartiklar 47 tusen og kunst 13 tusen.

Women's Retreat 2024

Siste helga i september inviteres det på ny til Women's Retreat i den gamle prestegården på Lepsøya.

ELLEN SUNDFØR JOHANSEN

Da kommer «vår egen» Margareth Engås for å tale, og tema for undervisning og samtale er «Tro».

Women's Retreat er, som navnet røper, en helg for jenter/damer. Helgen skal gi rom for en «timeout» - få trekke seg tilbake fra hverdagen, slik at pulsen kan senkes og felleskap med Gud og kristne medsøstre kan prioriteres.

Det blir som vanlig tema-undervisning, lovsang og samlinger, bibel og bønn. I tillegg kan du se fram til fritid i vakker natur, god mat, stillhet, felleskap, omsorg og hvile.

GODE TILBAKEMELDINGER

Veldig mange av de som har vært med på Women's Retreat tidligere, kommer igjen, år etter år. En av deltagerne beskrev det slik: «For min del er det virkelig deilig å få ro og tid til bibel og bønn, for hverdagen min er nokså hektisk ellers. Tid til å lande med Jesus



Fornøyde deltagere på forrige Women's retreat.

Foto: privat

en stund, liksom...». Slik tror jeg det føles for mange.

Andre deltagere trekker også fram positive ting som «åndelig og sosialt felleskap», «gode prater og smittende latter» og «himla god mat». Luksusen med å gå til dekket bord med veldig god mat, setter alle stor pris på.

Mellom 20-25 jenter/damer møtes på Retreat på Lepsøya, og aldersintervallet har vært fra 25 til 55 år, men det er ingen øvre eller nedre grense.

Den kommende Women's Retreat blir 27.-29. september. Påmelding kommer snart, men sett av helgen allerede nå. Ta en pause fra hverdagen, finn frem hvilepulsen - og bli med på årets RETREAT!

Sommerleirer i nordvest

Leir og sommer hører veldig godt sammen. Vi har leir i sommer fra 1. klasse til voksne. Velkommen på leir!!

7.-9. JUNI

Safarileir, 1.-4. klasse
Vestheim Ungdomssenter

14.-16. JUNI

Sport-Aktivleir, 5.-7. klasse
Vestheim Ungdomssenter

14.-16. JUNI

Hakalleleir, 3.-7. klasse
Hakallestranda

21.-23. JUNI

62 gr.Nord, 8.-10. klasse
Vestheim ungdomssenter

21.-24. JUNI

Sommerleir, 5.-8. klasse
Solhøgda leirsted

24.-26. JUNI

Sommerleir, 1.-4. klasse
Solhøgda leirsted

25.-28. JULI

Fjell-leir, voksne
Solhøgda leirsted

Comfort
VALDERHAUG
RØRHANDEL AS
6050 VALDERØY



Radio Nordvest
RADIOEN FOR ØRE & HJERTE

SULA ENTREPRENØR AS
Mauseidvåg småbåthavn
Innendørs/utendørs vinteropplag av båter
Tlf.: 913 05 341

ELIAS BREIVIK as
TRANSPORT

BLINDHEIM INDUSTRIVEG 4
6020 ÅLESUND
FAX: 70 14 24 99
MØBIL: 400 06 384

Slyngstad
Elektro AIS
AUTORISERT EL. INSTALLATØR
6265 VATNE

• **Elnesvågen**, Torget 6 • Tlf 40443469
Tor-fre: 11-16 / Lør: 11-15
• **Kristiansund**, Rørgata 8 • Tlf 40443479
Tor-fre: 12-17 / Lør: 11-15
• **Ålesund**, Brusdalsveien 216 • Tlf 40443460
Ons-tor: 11-16 / Lør: 11-15

• **Volda**, Elvegata 7 • Tlf 40443454
Ons: 12-16 / Tor: 12-17 / Lør: 12-16



NLM GJENBRUK

PURE
NORWEGIAN SEAFOOD AS